

Fra: "Olav Rabbe" <olav.rabbe@saudanett.org>
Sendt: onsdag 17. september 2025 23.48.58
Til: "Jakob Fjellanger" <jfj@nve.no>; "NVE Postmottak" <nve@nve.no>
Emne: Tilkomst i Valdalen sak RSK 202320330 og RSK 201913014

Til NVE

Viser til synfaring i Røldal 3. september, der det vart opplyst at vi kunne senda inn tilleggskommentar til pågåande vilkårsrevisjon og søknaden om pumpe-/effektverk.

I dette dokument er medteke krav til bygging av skikkeleg båtutsett på begge sider av reguleringsmagasinet i Valdalen.

Underteikna Olav S. Rabbe er eigar av Kjømberget gnr.12 bnr 11 og bnr 17 og ein 1/2-del av fjelleigedomen Slettedalen Sør gnr. 25, bnr.16
Eigedomen er i sameige med Oddvar Småbrekke som er eigar av gnr.12 bnr.10 og han er eigar av den andre 1/2-del av gnr. 25, bnr 16

Kjømberget og Slettedalen er ein stor eigedom på austsida av reguleringsmagasinet i Valdalen som grensar til Røldal Statsallmenning.
Her var fram til ca. 1910 heilårs busetnad og fram til neddemming av Valdalen var det to stolar.

Tap av veg:

Stølsvegen til Kjømberget vart bygd privat i perioden 1939 til 1953 (ingen aktivitet i krigsåra)
Sjølv om reguleringskjettingen i 1960-åra meinte stølane kunne driftast som før fordi dei ikkje mista areal eller bygningar var dette i praksis nyttelaust utan vegsamband.

Drifteveg:

Regulanten vart pålagt å laga ein drifteveg frå Austre Valdalen til elva Kvesso (til Kjømbergsvegen)
Dette er ein dårleg sti, i praksis opparbeidde dei kunne tilkomst gjennom nokre store urer der det vart sprengt og planert med sprengstein.
Stien er kun for sommartur, den er ikkje egna for transport av varer, vanskeleg å ta seg fram på store deler av året og heilt ubrukeleg om vinteren

Reguleringsmagasinet eit stort hinder:

Sommartilkomst:

I sommarhalvåret brukar vi båt frå Åsen, (der vi har bygd privat naust) til Finnemolia på sørsida av elva Kvesso.

Den gamle stølsvegen blir brukt frå magasinet til stølen. Bilbrua over Kvesso blir vedlikehalden privat.

Tilhøva er blitt verre for kvart år pga erosjon og utrasing, stølsvagen nede i magasinet blir stadig meir utvaska nokre stader og kun gjøрма andre strekningar der vegen er bygd på myr. Grøfter og stikkrenner blir øydelagde.

Store endringar i magasinnivået medfører store problem både med transport av folk og varer

I Åsen er det ein anleggsveg som vart bygd under anlegget i 1964 for å kunna koma igang med bygging av erstatningsveg på vestsida av magasinet.

Vegen er ikkje laga for å vera båtutsett, dette medfører ulike problem avhengig av kva nivå magasinet har.

Under synfaringa var magasinet på kote 717 moh. Ved dette nivå er det relativt enkelt å få ut båt dersom ein har bil og båthengjar.

Ved nokre få meter høgare nivå står heile området under vatn, då er det vanskeleg å ferdast med båt og uråd å få snudd ein bil.

Generelt for bruk av båt er problema med kor ein kan landa med båt utan at denne blir skada i steinurene pga ver og vind og ved Åsen er det ved litt høgare nivå enn kote 725 moh ingen stad ein båt kan liggja utan å sperra for andre som evt. skal ta ut sin båt.

Vintertilkomst

Vinterstid er det isen som er tenkt som ferdselsveg

Hovedløype:

Ved god is brukar vi løypa frå dammen i Hyttejuvet, der det ofte er fare i samband med nedkøyring til isen.

(isras, snøras frå Kløvsnutskaret, stein som rasar ned i løypetrasen)

Oppkøyring frå isen til Kjømberget eller Slettedalen som det står i konsesjonen foregår normalt i Finnemolia.

Her er eit par vanskelege svingar på den gamle stølsvegen som ofte er problematiske når isen legg seg ned på vegen under tapping.

Medfører fare for å gli ut og ned i elva like under.

Desse områda skulle regulanten planera ut før neddemminga, men dette skjedde aldri.

Reserveløypa:

Når det er dårleg is på magasinet har vi brukt ei reserverute som går over Heialeite og Tjødnastølskar.

Då må vi køyra ned til isen i Åsen på den same gamle annleggsvegen som vi brukar om sommaren.

Dersom magasinet er blitt islagt ved høgt nivå er det ofte svært krevjande å koma seg velberga ned til dalbotnen.

Nedanfor nausta er vegen som vi brukar om sommaren ein bratt bakke med is under, her er det stor fare for å velta ned i bekkeløpet som ofte er ope/oppsprukken is.

Særleg vanskeleg når det er lite eller ingen snø oppå isen.

Denne løypa er krevjande om ein går på ski eller brukar beltekøyretøy.

Terrenget i magasinet er også vanskeleg å ta seg fram i, spesielt når det er lite snø og med farlege isflak på kryss og tvers.

Ved bruk av reserveløypa må vi ofte ta opp til Kjømberget på nordsida av Kvesso ved Rinden.

Av og til kan vi kryssa Kvesso på ein kulvert som er bygd i elva på Finnemoflaten.

Naboane våre har sjølvsaugt tilsvarende problem med tilkomst til sine eigedomar.

På Kjømberget er det Alf Medhus eigar av gnr. 12, bnr 1 og Gunnar Juvet eigar av gnr.25, bnr.12
Lenger sør er det eigedomane Finnemostølen, Kvelven og Medhushålo og Tongavad.

Krav:

Det må byggjast båtutsett i Åsen; som går heilt ned til den gamle snuplassen ved det opprinnelege Valdalsvatn

(opprinneleg vatn ligg på kote 696 moh)

Båtutsettet må ha støypt dekke og snuplassar for kvar 50 meter.

Bredden må vera slik at isen legg seg flatt slik at ferdsel om vinteren kan foregå på ein trygg måte.

Bekkeløpet i Åsen må leggjast i røyr frå myra nedom nausta til den store flaten ved kote 719 moh.

Vegen må vidare leggjast om og vekk frå brotet mot vatnet.

Stølsvegen til Kjømberget må bli båtutsett og vintertrase; dette er like viktig som i Åsen.

Vegen må reparerast og opparbeidast i større bredde, minst 6 meter, med støypt dekke frå høgste regulerte nivå kote 745 moh ned Finnemoflaten.

To svingar må rettast ut, og det må lagast snuplassar for kvar 50 meter.

Enormt tidkrevjande å bruka båt:

Slik det er no det normalt 2,5 til 3 timar frå vi kjem til naustet i Åsen til vi er framme på Kjømberget.

Dette fordi vi må køyra ned båten til vatnet og få den uti,

Frakte ned det vi skal ha med og få plassert dette i båten

Frakte opp igjen utstyr, båthengjar mm som ikkje kan stå igjen nede ved vatnet

Båtferd frå Åsen til Finnemolia er veravhengig

Finne trygg landingsplass i Finnemolia,

Bera varene opp til brukbar veg for bruk av 4-hjuling, ofte er dette mange hundre meter i gjørme og steinrøys

Sommaren 2025 mellom 200 og 500 meter

køyra eller bera varene opp til stølen.

Ved store nivåendringa må vi sjå til båten 1 til 2 gonger i døgnet og flytta når det trengst.

Frå stølen til HRV i magasinet er det ca 1,5 km

Med helsing

Olav S. Rabbe

